# Songen til svala

Tekst: Marie Heggen 1955

Melodi: Marie Heggen 1955




Du svale langt der oppe
når du flyg til varme land,
ein liten ting til pappa min
du gjerne hente kan:
Ein pengepung som støtt er full
det vonar eg du finn,
ja, kan du ikkje det,
for det har ikkje pappa min.

Du svale langt der oppe
når du flyg til varme land,
ein liten ting til Tulla vår
du gjerne hente kan:
Ja, henne må du hjelpe
så ei lita tann ho får,
ja, kan du ikkje det,
for det har ikkje Tulla vår.

Du svale langt der oppe
når du flyg til varme land,
ein liten ting til bestefar
du gjerne hente kan:
Det er'kje tungt å bere
om litt hår du med deg tar,
ja, kan du ikkje det,
for det har ikkje bestefar.

© Tunkattens songbok
www.tunkatten.no

## Songen til svala

Du svale langt der oppe
når du flyg til varme land,
ein liten ting til mamma mi
du gjerne hente kan:
Ein kjole fin av silkefløy´l
til henne må du gi,
ja, kan du ikkje det,
for det har ikkje mamma mi.

Du svale langt der oppe
når du flyg til varme land,
ein liten ting til pappa min
du gjerne hente kan:
Ein pengepung som støtt er full
det vonar eg du finn,
ja, kan du ikkje det,
for det har ikkje pappa min.

Du svale langt der oppe
når du flyg til varme land,
ein liten ting til Tulla vår
du gjerne hente kan:
Ja, henne må du hjelpe
så ei lita tann ho får,
ja, kan du ikkje det,
for det har ikkje Tulla vår.

Du svale langt der oppe
når du flyg til varme land,
ein liten ting til bestefar
du gjerne hente kan:
Det er'kje tungt å bere
om litt hår du med deg tar,
ja, kan du ikkje det,
for det har ikkje bestefar.

Tekst: Marie Heggen

Kjelde: Marie Heggen: *Eventyrbyen* (Det Norske Samlaget 1955)